



IArkivsak

24/04748-14

Sakshandsamar

Hilde F. Andersen

Saksgang

Hovedutvalg for samferdsel

Fylkesutvalg

Møtedato

27.05.2026

10.06.2026

E134 Haukelivegen AS - innkalling til generalforsamling 12. juni 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

Innkalling til generalforsamling 12. juni tas til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Styret har innkalla til ordinær generalforsamling i E134 Haukelivegen AS den 12. juni 2026 klokka 09:30 på Morgedal hotell i Morgedal med mogelegheit til å delta digitalt i hybridmøte.

Hovudutval for samferdsel får saka til uttale og fylkesutvalet fattar endeleg vedtak.

Saksopplysningar

E134 Haukelivegen AS er ein interesseorganisasjon som arbeider for at E134 skal bli ein sikker og framkommeleg veg heile året frå aust til vest. Selskapet blei oppretta i 2001 og er eid av 4 fylkeskommunar, 33 kommunar og 8 bedrifter. Dagleg leiar står for administrative oppgåver og dagleg drift. I 2026 blir det markera 25-årsjubileum for selskapet med ein middag kvelden før generalforsamlinga.

Varsel om tid og sted for generalforsamlinga blei sendt 4. februar. Innkalling til generalforsamling blei sendt 23. mars 2026 med 9 oppsette saker:

1. Godkjenning av fullmakter og innkalling
2. Val av møteleiar
3. Val av 2 aksjonærar til å underteikne møteprotokollen
4. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap
5. Val av revisor og godkjenning av godtgjering
6. Godtgjering til styret
7. Kostnadsdeling/ tenestosal for 2027
8. Val av styre og varamedlemmer
9. Val av valkomite

I etterkant av møtet vert det halde eit miniseminar om arbeidet for strekninga som heilskap og prosjekta på E134.

Innkallinga er lagt ved saka. Hovudutvalsleiar Anne-Nora Oma Dahle har fullmakt til å representere Telemark fylkeskommune.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka medfører ingen nye konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Saka har isolert sett inga kjente konsekvensar for klima eller berekraft.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at sakene i den ordinære generalforsamlinga 6. mai 2025 er lite kontroversielle og anbefaler å ta saka til orientering.

Vedlegg:

_24_04748-13 Komplette sakspapir Generalforsamling 12.juni 2026 804208_2_1